

No kjem ein vals

Eg heiter Jens og er sjømann,
skuta ho kom inn i går.
Me kjem frå varmare strender,
der er det solskinn og vår.

***No kjem ein vals, den vil eg ha med deg.
Kom lat oss dansa til trekspelemusikken
til sola går ned.***

Du var'ke fødd då eg mønstra,
ut fyrste gong femten år.
Skuta sitt namn det var Rita,
reisa gjekk til Singapor.

No kjem ein vals...

Aldri eg kan gløyme Rio,
då eg var på karnevall.
Du skulle sett kor dei dansa,
tok seg så lystig ein trall.

No kjem ein vals...

Eg har reist kringom i verda,
sett mykje gjevt på min veg.
Men no i kveld fyrst eg skjønar,
draumen på havet var deg.

No kjem ein vals...